

Forretningsetiske retningslinjer (Code of conduct) i Fjord1

Dokumentadministrator: Heidi Felle

Gyldig fra: 21.02.2024

Revisjon: 1.9

Godkjent av: Øyvind Bakke

Revisjonsfrist: Aldri

ID: 4679

1. Melding frå administrerende direktør

Våre medarbeidarar har bidrege til å etablere Fjord1 sitt omdømme som eit selskap som ein kan stole på. Dette omdømme påverkast kvar einaste dag av åtferda til våre tilsette. Fjord1 er eit selskap i vekst og i konkurranse. Vekst og lønsemd er avhengig av at vi heile tida har ein intensjon om å avdekke eventuelle feil og manglar i våre tenester, prosessar og produkt. Etterleving av våre kjerneverdier er difor avgjerande for at vi skal lykkast over tid i marknaden. Vår konkurranseevne og plass i samfunnet startar og sluttar med at vi er til å stole på.

Fjord1 sin visjon er at vi skal vere best på miljøvennleg og påliteleg transport. Vi oppnår vår visjon ved å etterleve våre kjerneverdier. Fjord1 sine forretningsetiske retningslinjer er eit av selskapet sitt viktigaste styringsdokument og tar sikte på å bygge tillit som ei respektert verksemd og samfunnsaktør. Fjord1 si forretningsadferd, drift og prosessar skal vere bærekraftig og alltid reflektere tillit og integritet.

Dei forretningsetiske retningslinjene skildrar våre etiske standardar og forventningar. Kvar og ein av oss er ansvarleg for å lese og gjere seg kjent med denne standarden, fordi vi er alle ansvarlege for å gjere Fjord1 til eit påliteleg selskap, og våre etiske prinsipp skal reflekterast i måten vi oppfører oss på og korleis vi gjer forretningar.

Dersom ein har kjennskap til eller mistanke om brot på dei forretningsetiske retningslinjene til Fjord1, ber vi om at dette vert varsla til næraste leiar, leiar på overordna nivå eller ved å sende ein e-post til varsling@fjord1.no. Personar som rapporterer om brot i god tru, vil ikkje bli gjenstand for disiplinære reaksjonar.

Manglande etterleving av retningslinjene kan føre til disiplinære reaksjonar.

Geir Bruvik Mjelde,

Administrerende direktør Fjord1

2. Innleiing

Fjord1 har eit sett med forretningsetiske retningslinjer. Retningslinjene legg grunnlag for våre reglar og prosedyrar. Kulturen i Fjord1 skal vere tufta på god forretningsskikk, ein open og ærleg framtrede, og med respekt for andre menneske.

Fjord1 sine forretningsetiske retningslinjer gjeld alle tilsette, konsulentar, innleigd personell, samt alle som utfører arbeid for eller representerer selskapet. Retningslinjene gjeld og for selskapet sitt styre under utøvinga av sitt styreverv, og personell i selskap der Fjord1 har meir enn 50% eigardel.

Retningslinjene omfattar generelt alle aktivitetar som vert utøvd på Fjord1 sine vegne eller kor ein på andre måtar representerer selskapet; til dømes på reise, kurs, arrangement, fagfora og liknande. Retningslinjene gjeld i all intern og ekstern kommunikasjon både verbalt og skriftleg, eksempelvis e-post og sosiale medier.

Alle som er tilknytt Fjord1 har eit personleg ansvar for å følge dei reglar og prinsipp som bygger opp under Fjord1 sine forretningsetiske retningslinjer. Retningslinjene bygger på selskapet sine verdier. Ved å forankre vår åtferd i selskapet sitt felles verdigrunnlag og opptre i høve til desse retningslinjene, kan vi bidra til høg etisk standard i alle delar av selskapet. Åtferd i strid med dei forretningsetiske retningslinjene kan mellom anna påverke selskapet sitt omdømme, økonomi og truverde. Brot på dei etiske retningslinjene kan difor medføre disiplinære reaksjonar i form av munnleg eller skriftleg åtvaring og i alvorlege tilfelle oppseiing eller avskjed.

Vi i Fjord1 stiller grunnleggande krav om samfunnsansvar til våre leverandørar. Det betyr frivillig integrering av miljøomsyn og sosiale omsyn i heile verdikjeda. Leverandørane må bekrefte at dei ikkje bryt grunnleggande lover og reglar i forhold til arbeidstakars- og menneskerettigheitar, HMS, er førevar i miljø saker og motarbeidar all form for korrupsjon.

3. Verdier og åtferd

3.1 Personleg åtferd

Fjord1 krev høg etisk standard av alle som handlar på vegne av selskapet. Tilsette må rette seg etter dei til ei kvar tid gjeldande lover og føreskrifter og ein må utføre sine plikter i samsvar med krava og standardane som gjeld i Fjord1. Vi skal utføre våre arbeidsoppgåver med høg integritet og ærleg framferd.

I Fjord1 skal vi opptre med respekt og vennlegheit overfor forretningsforbindelsar, kundar, kollegaer og andre som vi kjem i kontakt med gjennom vårt arbeid. Vi skal ha ein open, folkeleg og positiv omgangsform der alle kan stole på kvarandre.

I Fjord1 skal vi ha respekt for våre kollegaer sine fag- og ansvarsområder og vi skal anerkjenne kvarandre sitt arbeid. Vi skal alle bidra til eit godt arbeidsmiljø, gjennom å vere opne, inkluderande og tolerante. Ingen skal utsettast for diskriminering, mobbing eller anna utilbørleg åtferd og vi skal behandle alle med respekt, uavhengig av kjønn, legning, livssituasjon, kultur og etnisk opphav.

3.2 Lojalitet og tillit

Tilsette i Fjord1 skal både i arbeidstid og på fritid representere Fjord1 på ein respektfull og verdig måte og vi har alle eit ansvar for å opptre lojalt overfor Fjord1 som arbeidsgjevar. Vi skal utføre arbeidsoppgåvene våre på ein god og tilfredsstillande måte og vi skal ikkje utføre handlingar som kan skade selskapet sitt omdømme.

I Fjord1 skal forholdet mellom leiar og tilsett vere basert på gjensidig tillit, der den enkelte sin lojalitet og dømekraft er grunnsteinen i forholdet. Vi skal avstå frå handlingar som kan skape konflikt mellom eigne private forhold og dei interessene som skal ivaretakast i forhold til Fjord1.

Tilsette i Fjord1 skal støtte beslutningar fatta av leiinga og aktivt arbeide for gjennomføring av desse i kraft av si stilling. Kravet til lojalitet omfattar også plikt til å varsle om forhold som er, eller kan vere skadelege for selskapet.

Kontakt med media, eller andre interne og eksterne instansar skal skje på ein ryddig måte som ikkje kan oppfattast illojalt for Fjord1.

3.3 Informasjon og teieplikt

Tilsette i Fjord1 har teieplikt om forretningsmessige og personlege forhold som ein får kjennskap til gjennom sitt arbeid i selskapet. Unntaket er dersom ein etter lova har plikt til å gi opplysningar. Teieplikta omfattar opplysningar om selskapets forretningsmessige drift, samt andre forhold av intern og fortruleg art. Syner her mellom anna til informasjon om selskapet sine strategiske forhold, kalkylar, anbudsarbeid, avtalar, måte å drifte på, rekneskap, budsjett, finansielle forhold, kundar, samarbeidspartnarar, kontraktar, samt personlege opplysningar som til dømes, men ikkje begrensa til, lønn, personalsaker, sjukefråver, medarbeidaroppfølging og rekrutteringsprosessar.

Fortruleg informasjon som ein vert tileigna i arbeidsforholdet skal ikkje bringast vidare til uvedkommande eller nyttast til personleg vinning.

Teieplikta gjeld også overfor kollegaer som gjennom sitt arbeid ikkje har behov for å gjere seg kjend med opplysningane. Tilsette skal ikkje oppsøke eller på anna vis tilegne seg informasjon som ikkje er

naudsynt for å utføre sitt arbeid. Tilsette skal lagre og oppbevare all dokumentasjon i tråd med til ei kvar tid gjeldande rutiner.

Teieplikta gjeld og etter avslutta tilsettings- eller kontraktsforhold og vil vere gjeldande så lenge informasjonen vert rekna å vere konkurranseømfintleg eller på anna måte fortruleg.

4. Våre relasjonar

4.1 Nære relasjonar

Nærstående (foreldre/born, søsken eller ektefelle/sambuar) eller tilsette med andre nære relasjonar kan som hovudregel ikkje ha same leiar eller arbeide i same avdeling, inneha stillingar der den eine har moglegheit til å hindre, bedømme, godkjenne, revidere, kontrollere eller på anna måte påverke den andre sitt arbeid.

Dersom slike relasjonar oppstår, er ein pliktig å melde i frå til næraste leiar. Næraste leiar skal gjere ei konkret vurdering av saka og ta stilling til om det er nødvendig å gjere grep. I dei tilfeller der nærmaste leiar er involvert i forhalda, eller på andre måtar kan vere inhabil, skal vedkommande drøfte saka med sin overordna leiar.

4.2 Forhold til kundar, konkurrentar, leverandørar og oppdragsgjevarar

Etikk og integritet er viktige element i grensesnittet mellom Fjord1 som selskap og våre kundar, konkurrentar, leverandørar og oppdragsgjevarar. Gjensidig tillit er ein viktig føresetnad for ei velfungerande næring og vi skal framstå som pålitelege, opne og ærlege.

Kundane våre skal møtast med innsikt, respekt og forståing. Vi skal alltid forsøke å ivareta kunden sitt behov på best mogeleg måte innanfor dei etiske rammene som gjeld for selskapet.

Vi snakkar ikkje nedlatande om våre konkurrentar og vi skal til ei kvar tid behandle desse med respekt og profesjonalitet. Prissamarbeid eller anna konkurransedrivande verksemd er ulovleg, samfunnsøkonomisk skadeleg og noko vi tek avstand i frå.

Leverandørar skal behandlast upartisk og rettferdig. Leverandørar som konkurrerer om kontraktar med Fjord1 skal alltid kunne ha tillit til integriteten i selskapet sin utveljingsprosess. Ved val av leverandørar skal alltid selskapet sine bedriftsinterne retningslinjer og prosedyrar følgjast.

Fjord1 sine oppdragsgjevarar har valt å bruke vår kompetanse og våre tenestar. Vi skal levere tenestar med profesjonalitet og tverrfaglege kompetanse. Våre tenester skal vere hensiktsmessige og tilpassa oppdragsgjevar sine spesifikke problemstillingar og behov. Vi skal møte og behandle oppdragsgjevar på ein profesjonell og føreseieleg måte, samarbeide for å oppnå dei beste løysingane og vere aktive ambassadørar for Fjord1 sine verdiar.

4.3 Interessekonflikt

Tilsette i Fjord1 skal oppføre seg upartisk i all forretningsverksemd, og ikkje gje andre selskap, organisasjonar eller enkeltpersonar urettmessige fordelar. Tilsette må ikkje bli involvert i relasjonar som kan føre til ei faktisk eller oppfatta konflikt med Fjord1 sine interesser, eller som på nokon måte kan ha negativ effekt på vedkommande sin handlingsfridom eller dømmekraft.

Tilsette må ikkje arbeide med eller behandle saker der dei sjølv, deira ektefelle, partnar, nære slektningar eller andre personar som dei har nære relasjonar til, kan ha direkte eller indirekte økonomisk interesse.

Tilsette skal heller ikkje arbeide med eller behandle saker der det fins andre tilhøve som kan undergrave tilliten til den tilsette si eiga upartiskheit eller til integriteten i arbeidet som vert gjort.

Tilsette må ikkje bruke selskapet sine eigendelar eller informasjon som vedkommande har skaffa seg gjennom sin posisjon eller stilling i Fjord1, til eiga vinning eller med det føremål å konkurrere med selskapet. Eventuelle mistankar om interessekonflikt skal rapporterast til overordna.

Som tilsett i Fjord1 skal du ikkje halde ei anna stilling eller utføre arbeid for andre i arbeidstida utan ei førehandsgodkjenning frå overordna. Engasjement knytt til eksterne oppgåver og stillingar er positivt, men omfang eller type må ikkje påverke arbeidsforholdet ditt med Fjord1 eller på anna måte kome i konflikt med Fjord1 sine forretningsinteresser.

4.4 Gåver og fordelar

Tilsette i Fjord1 skal ikkje ta i mot eller gje personlege fordelar eller gåver som kan påverke handlingar eller avgjerder som skal fattast. Forbodet gjeld også invitasjonar, reiser eller deltaking på arrangement med leverandør eller forretningsforbindelsar utan at dette er godkjent av næraste overordna.

Forbodet gjeld ikkje tilfeldige og bagatellmessige gåver som t.d. konfekt og blomar med ein verdi under kroner 1000, samt arbeidslunsjar og middagar. Dersom ein er i tvil, så skal ein ta det opp med næraste leiar.

4.5 Korrupsjon

Fjord1 motset seg alle formar for korrupsjon. Du skal aldri tilby eller akseptere ulovlege eller upassande pengegåver eller anna godtgjering for å få forretningsmessige eller personlege fordelar for deg sjølv eller andre. Fjord1 har ei fast haldning til gåver, lønningar og aktiviteter som kan oppfattast å inkludere element av ei gåve. Dette gjeld både korleis vi behandlar våre kunder og korleis våre tilsette og samarbeidspartnarar bør nærme seg dette problemet.

4.6 Kvitvasking

Fjord1 motset seg alle formar for kvitvasking av pengar, og skal iverksette tiltak for å forhindre at finansielle transaksjonar med selskapet kan nyttast av andre til å kvitvaske pengar.

4.7 Diskriminering

Fjord1 forbyr diskriminering som gjeld forskjellsbehandling på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, religion og livssyn, nedsatt funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, politisk standpunkt, fagforeining eller etnisitet (mellom anna nasjonalt opphav, hudfarge og språk). Det vert oppfordra til arbeidsplassdiversitet på alle nivå. Alle personar skal bli møtt med verdigheit og respekt, og dei skal ikkje urimeleg forstyrrast i utføringa av plikt og ansvar.

4.8 Tvangsarbeid

Alle tilsettingsforhold med Fjord1 skal vere fritt valt - og fri for truslar. Fjord1 motset seg bruk av tvungen arbeid, inkludert, men ikkje begrensa til, utveksling av arbeid for betaling av gjeld.

Tilsette står fritt til å forlate si stilling jamfør rutiner for avslutning av arbeidsforhold.

Ingen skal vere pålagt å sette inn pengar, legge inn identitetspapir eller liknande for å få- eller behalde jobben i Fjord1.

4.9 Barnearbeid

Fjord1 skal ikkje tilsette- eller inngå barnearbeid jamfør Arbeidsmiljølova § 11-1 Forbud mot barnearbeid:

Barn som er under 15 år eller skulepliktige, skal ikkje utføre arbeid som går inn under denne lov unntatt:

- Kulturelt eller liknande arbeid
- Lett arbeid og barnet har fylt 13 år
- Arbeid som ledd i barnets skulegang eller i praktisk yrkesorientering som er godkjend av skulemyndigheitane og barnet har fylt 14 år

Alle har ansvar for å sikre at personar under 18 år ikkje utfører arbeid som kan vere til skade for deira sikkerheit, helse, utvikling eller skulegang. Om du som tilsett i Fjord1 blir merksam på forhold i strid med dei ovanfor angitte standardar, skal du straks varsle din nærmaste leiar og/eller HR.

4.10 Kommunikasjon

Fjord1 blir påverka av korleis dei tilsette kommuniserar skriftleg og muntleg internt og eksternt.

All kommunikasjon skal vere i tråd med Fjord1 sine verdiar; Godt humør, åpen og ærleg, påliteleg og held det vi lovar, lønnsam, samhandling og teamånd, stolt.

Tilsette i Fjord1 skal i sin kommunikasjon i sosiale media og med eksterne aktørar som til dømes media, kundar, leverandørar og øvrige vere profesjonelle, serviceorienterte og imøtekommande. Den informasjonen som vert utlevert om selskapet skal vere korrekt og ein skal til ei kvar tid ivareta Fjord1 si interesse og overordna målsettingar.

All uttale til media skal utførast av personar spesielt utpekt for dette.

Tilsette i Fjord1 skal i sin kommunikasjon med kollegaer vise høfleg framferd og gjensidig respekt.

4.11 Sosiale media

Vi oppmodar alle som arbeidar i Fjord1 til å vere bevisst sin opptreden i sosiale media jamfør punkt 4.10 Kommunikasjon.

Innhald som vert lagt ut på sosiale media skal ikkje skade selskapet sitt omdømme, og det er viktig å merke seg at ein også kan bli oppfatta som ein representant for selskapet når ein brukar sosiale media som privatperson. Ver varsom om du publiserar, svarar eller kommenterar på spørsmål/innlegg/debatter, og ver ryddig og åpen om kva rolle du har. Teieplikt, personvern, ytringsfriheit, lojalitetsplikt og andre lovar og reglar du skal følge i jobben din gjeld også ved bruk av sosiale media. Ver bevisst samtykke om du skal dele bilder, filmar eller lydklipp, og tenk deg om før du publiserar materiale som identifiserar din arbeidsgjevar.

5. Samfunn og tilsette

5.1 Korrekt informasjon, rekneskap og rapportering

Fjord1 skal gi fullstendige, korrekte og nøyaktige klargjeringar i våre rapportar til tilsynsmyndigheiter og andre. Den enkelte medarbeidar skal sikre at informasjon, rekneskapsføring og rapportering er nøyaktig og fullstendig.

All rekneskapsinformasjon skal vere korrekt, registrert og gjengjeve i samsvar med lover, føreskrifter, reglar og relevante rekneskapsstandardar.

Alle delar av Fjord1 skal ha gode interne kontrollar som sikrar at selskapet sine mål og strategiar vert oppfylt og overhaldt. Interne kontrollar skal sikre at forretningsprosessane til ei kvar tid er effektive og innanfor eit akseptabelt risikonivå, at fysiske og immaterielle eigendelar er sikra og utnytta, at finansiell informasjon er korrekt og rettidig, og at lovar, forskrifter og retningslinjer vert følgt.

5.2 Ansvar for selskapet sin økonomi og verdiar

Som medarbeidar i Fjord1 er ein omfatta av selskapet sitt Sikkerheitsstyringssystem for sjø og land. Dette inneber mellom anna å setje seg inn i og gjere seg kjend med styrande dokument, følgje prosessar, retningslinjer og melde frå om eventuelle avvik.

Alle tilsette skal vise omsyn for og ha særleg fokus på selskapet sin eigedom med omsyn til vedlikehald då dette er særskild viktig for tryggleiken både om bord og på land. Alle tilsette pliktar å delta i arbeidet med kontinuerleg forbetring av tryggleiksstyringssystemet.

Tilsette må ikkje gjere uttak av, eller nytte selskapet sin eigedom til eigne føremål utan at dette er avtalt med overordna eller den som er ansvarleg. Ingen skal i urimeleg grad nytte selskapet sin informasjon, IT-utstyr, materiell eller andre eigendelar til private føremål eller aktivitetar som ikkje er relevant for arbeidet.

5.3 Menneskerettigheitar

Innanfor si innflytelsessfære skal selskapet støtte, respektere og forplikte seg til prinsippa i dei internasjonale menneskerettigheitane. Selskapet anerkjenner dei sosiale og etiske standardar for beskyttelse av menneskerettigheitane, og sikrar at desse prinsippa ikkje vert brotne i Fjord1.

5.4 Arbeidsmiljø

Fjord1 skal til ei kvar tid organiserast, tilretteleggast og leiast slik at tilsette har eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidsmiljø kan delast inn i følgjande områder: psykososialt, organisatorisk, fysisk, samt kjemisk og biologisk.

Nødvendige vilkår for eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø skal bli gitt til alle tilsette i selskapet. Alle tilsette skal bidra til å skape eit arbeidsmiljø fritt for diskriminering, trakassering og anna utilbørleg opptreden.

Fjord1 skal i sitt styringssystem ha prosessar og retningslinjer som sikrar at selskapet til ei kvar tid arbeidar for eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø.

6. Miljø

6.1 Avfall og gjenvinning

Selskapet sine eigendelar og tenestar er utforma på ein slik måte at energi og råvarer blir nytta effektivt, og avfall og restprodukt vert minimert eller gjenvunne.

6.2 Prinsipp om varsemd

Selskapet støttar varsemdprinsippet ved å unngå material og metodar som medfører miljø- og helsefare så langt det er rimeleg mogleg. Selskapet skal ha fokus på miljøvennlege produkt og løysingar.

6.3 Miljøytting

Fjord1 skal rutinemessig rapportere om sin miljøprestasjon, med særleg vekt på å vurdere dei potensielle risikoane for notid- og framtidige eigendelar og operasjonar.

7. Varsling av kritikkverdige forhold

Saman med Fjord1 sine verdiar, understrekar dei forretningssetiske retningslinjene Fjord1 sin standard for etikk og integritet. Dersom ein har kjennskap til kritikkverdige forhold som bryt med Fjord1 sine forretningssetiske retningslinjer, så ønskjer Fjord1 at dette vert varsla om.

Arbeidstakarar har rett til å varsle, og skal gjennom ein forsvarleg framgangsmåte vere beskytta mot gjengjelding som følgje av varsling.

Fjord1 sine leverandørar, samarbeidspartnarar og andre oppfordrast også til å varsle om kritikkverdige forhold.

Fjord1 skal sørge for at varsling kan gjerast opent eller anonymt. Både innhaldet i varslinga og varslaren sin identitet skal behandlast som ei fortruleg opplysning.

Relaterte dokumenter:

 [Arbeidsreglement i Fjord1](#)